

Når sjukdom utfordrar håp og tru



MUSEET: Her i Lepramuseet i Bergen skal videoen visast til ut august månad.

BERGEN/MASFIORDEN:

Korleis halda liv i håp og tru gjennom sjukdom og annan motgang? Det er tema for prosjektet «I himmelsynet», som vart presentert i Lepramuseet i Bergen onsdag.

Av Livar Aksnes
livar@strilen.no

– Vil eg nå dei måla eg har sett meg i livet trass i kronisk sjukdom? Korleis påverkar sjukdommen trua mi? Kan sjukdommen styrka trua eller svekka henne? Og korleis halda oppe menneskeverdet sitt sjølv om ein er sjuk?

Dette er spørsmål som dannar bakgrunn for prosjektet «I himmelsynet» som Ruth Mjanger presenterte i Lepramuseet i Bergen onsdag.

Mjanger, som er oppvaksen i Masfjorden, er høgskulelektor ved NLA Høgskolen i Åsane og er utdanna dramapedagog. Då ho var 16 år, vart ho ramma av sjukdommen fibromyalgi, eller kroniske muskelsmerter. Dette er ein sjukdom som legevitenskapen til no ikkje har funne noka behandling for.

Felles tankar

– Eg begynte å jobba med ideen til prosjektet i 2009, og i 2010 tok eg kontakt med Lepramuseet for å høyra om dei var

interesserte i eit samarbeid, og det var dei, fortalde Mjanger.

Ein av grunnane til at ho ville presentera prosjektet i Lepramuseet, er at pasientane der og måtte leva med kronisk sjukdom som det ikkje den gong var noka behandling for.

– Då eg las «En klagesang», skriven av Peder Olsen Feidie i 1835, slo det meg kor mange felles tankar eg og han har, sa Mjanger.

Feidie vart innlagd på St. Jørgens hospital i 1832 og døydde der i 1849. Han var berre 15 år då han vart ramma av spedalskeheit eller lepra. I 1835 skreiv han eit dikt med 24 vers der han skildra livet sitt og tankane sine omkring det.

Video

Hovuddelen av prosjektet er ein tolv minutt lang video, som vert vist i eit rom på Lepramuseet. Framvisinga skjer inne i eit lite, kvitt bur, der eine veggen er ein stor skjerm. Der vert videoen «I himmelsynet» vist. Elles er rommet stummande mørkt.

Videoen startar med ei sjukehusseng med ei dyne oppi. Gradvis vert formene i dyna omdanna til former i landskapet med fjell og dalar.

– Eg har gått mykje i Masfjordfjella saman med far min, og då har me snakka om himmelsynet, der himmel og jord møtest, seier Mjanger.

Videoen er full av symbol. Leikande born dukkar opp, der er ein stilisert scene frå eit sjukhus, eit seglskute kjem forfulle segl. Ei trapp går oppover og oppover. Til tider er videoen laga slik at sjåaren nærast vert dregen inn i bildet eller vert or av å sjå på, og mange scener kan

minna om ein draum. I videoen høyrer ein deler av «Fader vår».

– Eg ønskjer å gje tilskodaren mange assosiasjonar og tankar, seier Mjanger.

Tru og håp

I tillegg til videoen er det laga eit hefte med tekstar både av Mjanger og andre, og Vigdis Berland Øystese var til stades på opninga og las sin tekst. I heftet er der og bilde frå videoane.

Under opninga hadde Mjanger også ein samtale med sjukehusprest Anna Dalaker, der dei snakka om korleis alvorleg sjukdom kan påverka tru og håp, og korleis ei gudstru både kan vera ei hjelp i møtet med sjukdom og ei utfordring.

– Korleis kan Gud la meg verta ramma av dette? er eit spørsmål som kan meldast, men trua kan og vera ei hjelp til å stå oppreist når sjukdom rammar.

Mange som vert ramma av kronisk sjukdom, må gjennom ein sorgprosess, der sinne og sjokk kan vera første reaksjon, men der ein etter kvart kan klara å leva med sjukdommen.

Koma vidare

Både Valaker, som i ti år var ramma av ME-sjukdommen, og Mjanger meinte at det er viktig å koma vidare og setja seg mål i livet, sjølv om ein er sjuk.

– Du er ikkje sjukdommen, sa Mjanger. Men for å koma vidare kan det vera til stor hjelpa å ha andre å snakka med.

NYE UTTRYKK: Ruth Mjanger er utdanna dramapedagog og har jobba ein del med teater, og har og vore skodespelar. Men i prosjektet «Himmelsynet» ønskte ho å bruka nye verkemiddel for å få fram det ho ville.

VERDER MØTEST: Ei scene frå videoen «I himmelsynet». Dyna i ei sjukehusseng går gradvis over til å verta



HUS: Her er ein annan scene frå videoen, der det brått kjem fram hus i dynelandskapet.





jell og dalar.



HJELPARAR: Mjanger har fått hjelp av fleire med prosjektet, og på opninga onsdag retta ho takk både til Torkell Bernsen (til venstre), som har vore ansvarleg for animasjon og den siste utforminga av videoen i samarbeid med henne, Odd Torleiv Furnes, som har laga musikk til videoen, og Sverre Stokke, som har hjelpt til med å konstruera buret der videoen vert vist. Mjanger er no busett i Åsane, medan alle dei tre andre bur i Nordhordland. Furnes og Stokke jobbar på NLA Høgskolen, medan Bernsen er tilsett på Kunst og designhøgskolen i Bergen.



HÅP: Under presentasjonen hadde Ruth Mjanger også ein samtale med sjukehusprest Anna Dalaker (til venstre), der dei diskuterte korleis tru og håp vert påverka av alvorleg sjukdom.

■ DAGENS PASIENT:

Lege Steinar Hunskaar frå Alversund tek i denne spalta for seg pasient-tilfelle, basert på egne erfaringar og opplevingar. Hunskaar er speisalist i allmenntilleg og professor ved universitetet i Bergen.

Kan tap av ektefelle gje alvorleg sjukdom og død

Agda (76) mista ektemannen sin i fjor, og synes framleis det er vanskeleg å vere aleine. Sorgprosessen har vore normal, ho er ikkje vorten deprimer, og ho har komme seg godt i gong att med sosiale aktivitetar og reiser til familien. Ho har likevel vore hos meg eit par gongar for å få sjekka opp i nokre småplager ho ikkje har hatt før, og for å ta ein prat om aleinetilværet. «Det går seg til, merkar eg, men eg forstår godt at nokre kan verte sjuke av å miste ektefellen sin,» sa ho til meg.

Å oppleve at ektefellen døyr, er sjølv- sagt ei naturleg følgje av å vere gift. Sorgreaksjonen kan arte seg på mange vis, frå tidleg aksept når dødsfallet skuldast langvarig sjukdom og høg alder, til unormal sorgreaksjon og overgang til depresjonar av ulik djupne viss dødsfallet var uvventa eller den atlevande har disposisjon for psykisk sjukdom.

Som fastlege ser eg alle slags variasjonar, og det er interessant at Agda uttrykker forståing for at ein faktisk kan verte sjuk av sorg. Dette er ein ganske vanleg oppfatning, og ein kan av og til høyre utsegn som «at ho tolte ikkje at mannen døydde» eller «han vart alvorleg sjuk når han vart aleine». Det har ikkje vore så mange som har undersøkt om det faktisk er ein slik samanheng mellom det å verte enke eller enkemann og å bli alvorleg sjuk eller å dø tidleg. Ved Statistisk sentralbyrå har dei forskarar som no har interessert seg for slike samanhengar hos nordmenn, og dei har publisert interessante resultat på samanhengen mellom sjansen for framtidig død viss ein opplever tap av ektefellen.

Forskarane i Oslo undersøkte alle nordmenn frå 1970 til i dag, og nesten ein million dødsfall. Å miste ektefellen hadde ein klar statistisk effekt på sjansen for at den atlevande skulle dø innan ein tiårsperiode, også når ein tok omsyn til alder.

Resultata var litt ulike for kvinner og menn. Hos kvinner som vart enke, auka dødsrisikoen gradvis år for år, frå 15 % auka risiko dei første par åra, til om lag 25 % auka risiko etter 10 år. Hos menn auka risikoen med det same, og risikoauken heldt seg på 25-30 % heile perioden. Denne risikoauken er likevel klart mindre enn den ein finn ved skilsmisse, som er ein ganske sterk faktor for dårlegare livsprognose enn for gifte, spesielt hos menn.

Agda ga uttrykk for ei folkeleg forståing av at ein kan bli alvorleg sjuk etter dødsfall, og den er no altså stadfesta i tal- materiale frå folkerogisteret. Statistikken seier ikkje noko om årsakene til auken eller om det er spesielle dødsårsaker som dominerer.